

Kva meiner du om uskedalen.no?

04.07.2011



**Spørsmålet over stillar vi fordi det no er 5 år sidan nettsida rusla i gang.  
På desse åra har mange vore innom og dei har sikkert ei mening om sida.  
Vi har bedt to uskedelingar om deira oppriktige mening og  
kanskje vil fleire bidra med sitt syn?  
Hugs at konstruktiv kritikk fører til at noko blir betre!**

Hans Reidar Kjærland skriv dette:

Nettsida er bra den, til tider svært bra. Ser ein på størrelsen på bygda vår så må det ein har fått til her vera i landstoppen. Stoffet er lettlest og for alle aldersgrupper. Det er heilt tydelig at redaktøren er på heimebane, dette kan han.

Skulle ein trekkja fram noko negativt, so må det vera mengda av stoff frå kommunen si postliste. Sjølv om postlista er offentleg, så er det ikkje det same som at stoffet bør nyttast som ein nyhende. Slikt stoff vert fort forviteskap for folk flest og lite til nytte.

Så stå på Ola Matti og lukke til vidare med sida!

Møyfrid Kristoffersen skriv dette:

Eg likar Uskedalssida veldig godt. Eg rekk ikkje å gå inn der kvar dag, men ser då gjerne på "arkivet" slik at eg får med meg det meste.

For lag og organisasjonar meiner eg den kan bety noko på fleire måtar; gjere kjent tilskipingar som skal skje i bygda og skape interesse for dei ulike organisasjonane.

Nettsida kan bidra til samarbeidet i bygda vår, då det er mange som får kunnskap om det same.

For personar som har flytta frå Uskedalen, er eg heilt sikker på det betyr mykje å få lese om kva som skjer "heime"

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

